

## 2 Næringsutvikling innanfor STN-området på 2000-talet

**Sigrid Skålnes**, seniorforskar, Norsk institutt for by- og regionforskning

### **Samandrag:**

*Korleis kommunane innanfor STN-området nord for Saltfjellet utviklar seg med tanke på sysselsetting og befolkning er tema for denne artikkelen. Åra som blir vektlagde er først og fremst frå 2003-2013. heile dette området har opplevd befolkningsnedgang desse åra. Nedgangen har vore langt større i fjord- og kystkommunar enn i innlandskommunar. I same tidsrommet har store deler av området likevel opplevd sysselsettingsauke. Innslaget av arbeidspendling ut frå kommunane er varierende, og høgt for kommunar nær større bysentra. I underkant av halvparten av dei sysselsette innanfor STN-området er sysselsette innanfor offentleg sektor, og det har vore større auke i sysselsetjing innan offentleg enn privat sektor i perioden 2003-2012. Helse- og sosialtenester utgjør først og fremst den store gruppa innanfor offentlege arbeidsplassar, og ei gruppe som sysselset eit aukande tal arbeidstakarar år for år. Dette gjeld for alle dei seks regionane innanfor STN-området. For andre deler av offentleg sektor, som undervisning og offentleg administrasjon har det vore ei klar nedbygging det siste tiåret, dels knytt til nedbygging av kommunal sektor på grunn av redusert folketal, og dels knytt til nedbygginga av forsvaret. Den generelle nedbygginga av statleg forvaltning verkar sterkare enn det som har vore av oppbygging av offentleg forvaltning, og då først og fremst av samisk forvaltning. Innan privat sektor viser utviklinga samla sett negative tal både for fiske, industri og, og landbruk og reindrift, sjølv om det har vore vekst i nokre få deler av STN-område. Befolkningsutviklinga har vore negativ i heile perioden, og vekst er framover avhengig av innvandring. Kommunar med størst innvandring og minst avstand til større og varierte arbeidsmarknader enn i sjølve kommunen er truleg dei som vil klara seg best i åra framover.*

## 2.1 Innleiing

Eit hovudmål i norsk distriktspolitikk i meir enn dei siste tretti åra har vore å oppretthalda busetnadsmønsteret i landet, eller som det etter kvart har vorte;” hovudtrekka i busetnadsmønsteret” (St.meld. 13 (2012-2013). I storparten av denne perioden har folketalet gått ned i distriktsområda. Arbeid for å nå målet med å oppretthalda folketalet har blant anna vorte gjort gjennom satsingar på å bremsa utflytting *frå* distriktskommunane, og på å oppmuntra til tilflytting *til* dei same distriktskommunane. Mange ulike innsatsar og tiltak har vorte tatt i bruk i dette arbeidet, retta mot både mot å aktivt auka tilflyttinga til distrikta gjennom ulike tilflyttingskampanjar retta mot folk busette i sentrale strøk, eller – som i dei seinare åra – folk i utlandet. Men innsatsane har ikkje berre vore retta mot folk og deira *flyttele*, den har også vore retta mot sjølve distriktskommunane. Slike innsatsar dreiar seg om mange og ulike former for *samfunnsutvikling*, i første rekkje næringsutvikling for å utvikla og styrka næringslivet og gjera det attraktivt for arbeidstakarar. Innsatsane dreiar seg også om *omdømme*, og å skapa – eller i alle fall å presentera stadene som attraktive som bustad, som arbeidsstad og som stad å flytta til, ikkje frå.

Distriktskommunane i Nord-Norge kan samla visa til mange og ulike tiltak og prosjekt dei har tatt del i, eller deltek i i dag, for å utvikla næringslivet, utvikla kommunen, skapa seg eit betre omdømme, få folk til å flytta til og ikkje frå kommunen, og for å framstå som ein attraktiv kommune. Innbyggjarane i kommunane har også kunna delta i slike tiltak, både som prosjektdeltakarar i mange og ulike prosjekt, men og gjennom å byggja opp eller utvikla kompetanse som næringsutøvar i eigen kommune.

På 1970- og-80 talet heitte innsatsen *tiltaksarbeid*, og mange kommunar sette i gang med dette som ein *krisereaksjon* (Bukve 2001). Den gongen, som no, var det spreiddbygde kommunar med svakt utbygd næringsliv og høg arbeidsløyse var dei som i størst grad dreiv og driv tiltaksarbeid, eller i dagens språkbruk; næringsutvikling. Innsatsen blei retta både mot *krisa*, det vil seia mot utvikling av næringslivet, og mot kommunen sine muligheter for å driva *omstillingsarbeid*. I tråd med det siste vart det til dømes gjennomført prosjekt for å byggja opp kommunane sitt næringsarbeid, og kommunar i nord, blant anna Hamarøy var forsøkskommunar her.<sup>1</sup> Næringsutviklingsarbeidet har dei siste tretti åra vist mange og ulike former, og vorte retta mot både personar og kommunar, anten i form av etableringsprosjekt eller utviklingsprosjekt retta mot stader, deler av kommunar, kommunar eller regionar. Dette gjeld også det samiske området, der ulike etableringsprosjekt, omstillingsprogram og utviklingstiltak har vorte gjennomført. Til ein viss grad har også innsatsane vorte retta mot spesifikke grupper, som kvinner eller ungdom.

Behovet for krisereaksjon og omstillingsevne er ikkje mindre i dag, og i dag er det skapt mange og nye innsatsar og tiltak er ikkje lenger berre retta mot næringslivet, men også mot

---

<sup>1</sup> Kommunal- og arbeidsdepartementet (no: Kommunal- og moderniseringsdepartementet) gjennomført i åra 1985-87 *Næringsetatprosjektet* i seks kommunar i Nordland. Målet var å prøva ut kommunalt næringsarbeid i eigen etat, og forsøket var eit prøveprosjekt. Prosjektet var svært vellukka, og starten på oppbygginga av det som seinare blei kommunalt næringsarbeid gjennom eigen etat eller administrasjon. Sjå elles Bukve og Skålnes (1987).

samfunnet rundt næringslivet. I takt med desse endringane er ikkje berre tiltaksarbeidet blitt til næringsutvikling og samfunnsutvikling, det er også skapt *nye typar tiltak* og nye *målgrupper* for innsatsane. Omdømmearbeid, tilflyttingskampanjar, motivasjonskampanjar og attraktivitetsbygging er både nye ord og nye tiltak, og prosjekta i dag har gjerne tittelen *Flytt hit/Flytt nordover* eller *Ny giv i ... kommune*. Satsingane heiter bulystprosjekt<sup>2</sup> eller småkommuneprogrammet<sup>3</sup> der målet for eksempel er å ”skape bolyst og attraktive stader”, medverka til at småkommunar kan styrka utviklingskapasiteten sin, eller å ”styrke en felles regional identitet innad og samtidig bygge et positivt omdømme utad.”<sup>4</sup> Samstundes er det lenge sidan næringslivet åleine var fokus for innsatsane, innflyttarar og tilbakeflyttarar er ofte målgruppa, kommunane har ikkje lenger berre behov for arbeidsplassar, men like gjerne behov for å fylla tomme arbeidsplassar, for eksempel innan helse- og omsorgssektoren. Bulystsatsinga inneheld også gjerne satsingar retta mot utflytta ungdom, og særleg det å få utdanna ungdom heim igjen, slik at ledige arbeidsplassar kan fyllast.

Norge har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i folketalet. Folkeauken har ikkje kome jamnt fordelt over landet, men har medverka til at dei som var store frå før har blitt større. I dag er nettoinnvandringa viktigare for befolkningsveksten enn fødselsoverskotet. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det er dei største byane som har vokse mest, dei minste kommunane har jamt over blitt mindre. Biletet av vekst og nedgang, tilflytting og fråflytting, attraktive og mindre attraktive stader har også ei geografisk adresse, og som ofte før er det ei adresse som ikkje er ny og ukjent; veksten forsterkar biletet som har vorte teikna gjennom fleire år – med ei stadig sterkare sentralisering og med utkantskommunar som i år for år blir tømde for folk. I statistikk og rapportar fortel tal ein historie om folkeflytting til sentrale byar og tettstader, og vekst som skjer i miljø og på stader som får merkelappen *attraktive*.

Denne artikkelen vil fokusera på utvikling innanfor deler av det samiske området i Norge. Det *samiske området* er her avgrensa til det som blir kalla *STN-området*, og *utvikling* er avgrensa til *nærings- og sysselsetjingsutvikling*. Fokusering på nærings- og sysselsetjingsutvikling i det samiske området krev også fokus på *befolkningsutvikling* eller befolkningsendring i det same området. Til ein viss grad blir endringane sett i høve til endring og utvikling innanfor andre område, ikkje minst andre område i landsdelen.

---

<sup>2</sup> Spørsmålet som *Bulystsatsinga* tek opp er korleis et kan bli meir attraktivt å busetje seg i distriktskommunar. I satsinga har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) medverka til mange pilotprosjekt over heile landet. Tematisk har prosjekta særleg omhandla tilflytting, integrering, ungdom, kulturbasert stad- og næringsutvikling og omdømme. Måla for satsinga er å leggja til rette for at distriktskommunar vert meir attraktive som varig bustad, og å samla kunnskap om kva som påverkar folk sine val når det gjeld bustad. Bulystsatsinga starta i 2010 og går fram til og med 2015.

<sup>3</sup> Småkommunesatsinga skal gje dei minste kommunane meir kapasitet til å utvikle attraktive lokalsamfunn for innbyggjarar og næringsliv.

<sup>4</sup> Prosjektet *Omdømmebygging i Nord-Troms*, initiert av Nord-Troms Regionråd. Prosjektet vart tildelt Bolystmidlar i 2011.

## 2.2 Kjelder

Næringsutvikling innanfor samiske område har vore tema for fleire offentlege utgreiingar, analysar og forskingsprosjekt dei seinare åra. Alle vitenskapleg utgreiingar av eit visst omfang som omhandlar næringsutvikling innanfor STN-området på 2000-talet er kjelder for denne artikkelen. Slik sett utgjer ikkje datamaterialet eit utval blant mange utgreiingar og forskingsrapportar, utvalet vårt er det som er gjort på feltet etter tusenårsskiftet. Materialet omhandlar alle utvikling, med særleg vekt på nærings- og sysselsetjingsutvikling i samiske område. Utvikling omfattar her også befolkningsutvikling. I ulik grad blir kunnskap om og kjennskap til det samiske området brukt når rapportane skal forklara endring og utvikling. Kjeldene er til dels svært ulike, først og fremst ved at nokre presenterer datamaterialet i form av tal, tabellar og grafikk og heller lite informasjon om utvikling og utviklingstrekk i området, og utan nærare analyser og forklaringar på endringar (Telemarksforskning). Andre kjelder brukar kunnskap om samiske forhold og om Nord-Norge i analysen av endringar (Norut-Alta). Kjeldene er presenterte nedanfor.

Arbeid utført av Norut og av Telemarksforskning utgjer hovuddelen av grunnlaget for denne artikkelen. Fire rapportar frå Telemarksforskning som fokuserer på næringsutvikling, innovasjon og attraktivitet er ein vesentleg del av kjeldene her. Desse rapportane er utarbeidde på oppdrag av Sametinget i løpet av åra 2010 til 2013. Desse rapportane er dels ei vidareføring av tidlegare næringsanalyser, og dels gjennom utvikling av ein analysemetode for å måla ulike staders attraksjonskraft. Arbeidet for STN-kommunane er ein del av eit større arbeid der mange andre kommunar i Norge også er med. Rapportane inneheld mange kartleggingar og målingar, som er vanskelege å tolka utan omfattande kjennskap til kommunane som blir studerte. Endringar blir først og fremst presenterte som tal, og til dels studert i eit kort tidsperspektiv. Det er ikkje analyser som bygger på utvikling over lengre tid, og kunnskap om lokale og regionale forhold som kan vera med og forklara utvikling og endring manglar for det meste.

Frå Norut-Alta er det to rapportar, der den eine vart laga i samband med det statlege programmet "Kunnskapsinnhenting – verdiskaping i nord". Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet (i dag: Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet) gjennomførte i 2013 kunnskapsinnhenting for å synleggjera mulighetane for auka berekraftig verdiskaping i ein ressursrik region og for å teikna eit kunnskapsbasert framtidsbilete av Nord-Norge fram mot 2030 og 2050. Det vart særleg lagt vekt på fiskeri, havbruk, nye marine næringar, reiseliv, fornybar energi og mineralar. Kunnskapsinnhentinga skal medverka til å gje betre grunnlag for vedtak og vegval framover, og skal visa kva verkemidlar og tiltak som kan påverka utviklinga og medverka til å løysa ut verdiskapingspotensialet i åra framover. Det vart også laga fem tverrgåande utgreiingar som ser på tema som er felles for to eller fleire av næringane. Kva felles utfordringar og muligheterar møter næringane, og korleis kan desse utfordringane møtast og slik gje opning for å realisera framtidig verdiskaping? Målet med kunnskapsinnhentinga er å synleggjera vilkår for auka berekraftig verdiskaping i ein region

rik på ressursar, og å teikna eit kunnskapsbasert framtidsbilete av Nord-Norge fram mot 2030 og 2050. I tillegg til rapporten om ”Næringsutvikling i samiske samfunn” er også deler av ein av dei andre rapportane frå Kunnskapsinnhentinga kjelde for denne artikkelen; det gjeld rapporten ”Attraktive lokalsamfunn og arbeidsmarkedsregioner i Nord-Norge”.<sup>5</sup>

Den andre rapporten – om kulturnæringar i samiske område – er utarbeidd på oppdrag av Sametinget. Denne vart laga i samband med Sametinget sitt arbeid med kulturmeldinga og kom i 2012.

I tillegg er det ein rapport frå Nordisk ministerråd –*Artic Social Indicators follow-up to the Artic Human Development Report*. Rapporten kom i 2010 og er som tittelen seier ei oppfølging av *Artic Human Development Report (AHDR)*. Då AHDR<sup>6</sup> kom i 2004 vart den sett på som eit vendepunkt (ei modning) både for Arktisk råd (Arctic Council) og andre, fordi arbeidet representerte det første samfunnsvitskaplege arbeidet for Arktisk råd. Dette vart oppfatta som at den menneskelege dimensjonen i forhold til berekraftig utvikling endeleg blei forstått som viktig for dei arktiske områda og innbyggjarane der. Samstundes markerte rapporten utvikling av eit nytt fellesskap mellom styresmakter og forskingsmiljø, noko som synte seg klart i arbeidet fram mot slutføringa av den rapporten. AHS-rapporten fekk mykje oppmerksomhet, både fordi klimaspørsmålet førte til stor fokus på dei arktiske områda, og fordi det internasjonale polaråret kom like etterpå. Rapporten *Artic Social Indicators* fokusere på utvikling av sosiale indikatorar som kan vera relevante for arktiske område. Indikatorane er knytte til seks ulike område; helse, velferd, utdanning, kultur, natur og mulighet til å bestemma over eiga framtid. Rapporten frå ministerrådet ser på alle arktiske samfunn, og frå eit breiare og meir overordna perspektiv enn dei andre rapportane her.

I tillegg til dette er fleire andre rapportar frå området brukt, som til dømes Sametinget si melding om næringsutvikling (2012), i tillegg til statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB)<sup>7</sup>, blant anna SSB sin statistikk om samiske forhold.

## 2.3 Dei samiske kommunane og STN-området

I 2014 har Noreg 428 kommunar. Denne artikkelen handlar om nokre av desse; alle saman i nord, og alle innanfor STN-området<sup>8</sup>. Det finst ikkje noko datagrunnlag for å laga individbasert statistikk om personar med samisk-etnisk tilhøyrlighet. Verken folkeregisteret

---

<sup>5</sup> Norut Alta-Áltá Rapport 2013-7.

<sup>6</sup> AHDR vart gjennomført under leiing av Arctic Council's Sustainable Development Working Group (SDWG).

<sup>7</sup> Statistisk sentralbyrå (SSB) gjev annakvart år ut *Samisk statistikk*, sist publisert i 2014.

<sup>8</sup> Sametinget sine tilskotsordningar til næringsutvikling (STN) er ei vidareføring av Utviklingsfondet for dei sentrale samiske busetjingsområda. Dette fondet blei oppretta av Stortinget i 1975. Fondet omfatta då fem kommunar i indre Finnmark. Det geografiske verkeområdet har seinare blitt utvida fleire gonger, seinast i 2009. Fondet har óg skifta namn, og har blitt forvalta av ulike institusjonar. Frå 1989 er det Sametinget som har hatt ansvar for dei aktuelle tilskota. Frå og med 2009 blir det geografiske verkeområdet for STN fastsett i Sametinget sitt årlege budsjettvedtak.

eller andre register har registrering av kven som er samar (Pettersen 2012). SSB<sup>9</sup> sin samiske statistikk er geografisk basert, det vil seia at i denne statistikken er dei samiske busetjingsområda geografisk basert og avgrensa til verkeområdet for Sametinget sine tilskotsordningar til næringsutvikling (STN). Heile dette området ligg nord for Saltfjellet, og dekkjer såleis ikkje alle område med tradisjonell samisk busetting. Området utgjer vel 50 prosent av arealet i Norge nord for Saltfjellet, men berre 10 prosent av befolkninga som er busett nord for Saltfjellet bur i STN-området. Fire prosent av befolkninga i STN-området bur i tettbygde strøk. Det er slik utkantstrøka nord for Saltfjellet som er definert som samisk busetjingsområde. Alle byar og større tettstader ligg utanfor STN-området, og slik ligg det ein sterk senter-periferi-dimensjon innbakt i den samiske statistikken.

STN-området omfattar i 2014 26 kommunar, 16 heile og 10 der deler av kommunane er med. Alle er i dei tre nordlegaste fylka Finnmark, Troms og Nordland, nord for Saltfjellet. Bykommunane – Alta, Sør-Varanger, Tromsø og Narvik er blant kommunane der utvalde deler av kommunen ligg innanfor STN-området. Desse områda er utkants- og bygdeområde i forholdsvis stor avstand frå sentrum i kommunen. Sidan mesteparten av data som er brukt i rapportane artikkelen tek utgangspunkt i føreligg på kommunenivå, er desse fire kommunane ikkje tatt med i analysane.<sup>10</sup> I tillegg er det seks kommunar der berre deler av kommunane er med i STN-området. Desse kommunane er merka med stjerne (\*). I alle desse kommunane utgjer STN-området befolkningsmessig den minste delen, men dette er stort sett små kommunaner, slik at effekten av å inkludera dei i materialet ikkje er den same som for bykommunane.

**Tabell 2.1 STN-området. Berre deler av kommunen i kommunar merkt med\* er med i STN-området**

<b>Finnmark</b>	<b>Troms</b>	<b>Nordland</b>
Sør-Varanger*	Tromsø*	Narvik*
Unjárga-Nesseby	Kvænangen	Divtasvuodna-Tysfjord
Deatnu-Tana	Gáivuotna-Kåfjord	Hábmer-Hamarøy*
Gamvik	Storfjord	
Lebesby*	Lyngen	
Kárásjohka-Karasjok	Sørreisa*	
Guovdageaidnu-Kautokeino	Gratangen	
Alta*	Skånland	
Porsanger	Nordreisa	
Nordkapp*	Evenes*	
Måsøy*		
Kvalsund		
Loppa		

Når samiske område blir samanlikna med andre område, er det ikke berre ei samanlikning av samar og ikkje-samar, men også ei samanlikning av utkant og sentrale strøk. SSB nemner at

<sup>9</sup> Statistisk sentralbyrå

<sup>10</sup> Norut-Alta-rapport 2014:4 diskuterer i avgrensinga si at utelukking av bykommunane ikkje er uproblematisk, mellom anna misser ein då kunnskapen om samisk flytting til byar, slik Sørli og Broderstad viste i sin rapport frå 201. Avgrensinga er uheldig, fordi byane er viktige for dei samiske samfunna.

dette kanskje kan gje den samiske statistikken ei slagside, men argumenter for at det er eit faktum at ”selv om mange samer bor i byer og større tettsteder, er det i utkantene i nord den samiske kulturen har relativt størst betydning. Og utkantproblematikk er derfor en viktig utfordring for samene som folk” (SSB<sup>11</sup>)

Hovudargumentet for å velja området er at dette er lokalsamfunn som blir sett på som verdifulle for å ta vare på og vidareutvikla samisk kultur og næringsliv, samstundes som Sametinget disponerer særskilte verkemidlar for nettopp det. Av dei 26 STN-kommunane ligg tretten i Finnmark, ni i Troms og fire i den nordlege delen av Nordland (Slaastad 2014). Ei oversikt over kommunane som er med i STN-området, finst på Statistisk sentralbyrå si nettside <sup>12</sup>.

### 2.3.1 Folketalsutviklinga i STN-området

Befolkningsutvikling er ein viktig indikator for samfunnsutviklinga i dei ulike STN-regionane. Frå 1997 til 2010 auka folketalet i heile landet, men ikkje i dei 22 kommunane som tilhøyrrer STN-området. I dette området var det nedgang i folketal, og årsakene til nedgangen var negativt fødselsoverskot og utflytting . Befolkningsnedgangen i det samiske området har vore også langt sterkare enn i alle dei tre nordlegaste fylka. Troms har auka sidan 1997, medan Nordland og Finnmark har snudd nedgang til vekst dei siste åra. I det samiske området har nedgangen halde fram, med unntak av i 2012. Auken var liten, men det var likevel den første etter nedgang på 15 prosent sidan 1990. I 2011 og 2012 var det fleire som flytta til enn frå STN-området, og i 2012 var det ei lita auke i folketalet.

1. januar 2013 var 55 652 personar busette i STN-området. Det var ein nedgang på 14, 6 prosent sidan 1990 (Samisk statistikk 2014. Utflytting og manglande tilbakeflytting er hovudårsak til nedgangen er hovudgrunnane til at folketalet har gått ned kvart år frå 1990 til 2012, ein nedgang på til saman 15 prosent. Det er mest er mest unge vaksne som flyttar, noko som har ført til at området med tida fått ein eldre befolkning enn landet elles, med ein større del på 55 år og eldre. Befolkningsdelen i aldersgruppa 25-39 år i STN-området er også vesentleg mindre enn i heile landet, både for kvinner og menn. Det same gjeld andel av barn i aldersgruppa 0-9 år i STN-området enn i landet elles. I 2011 og 2012 var utviklinga noko annleis enn tidlegare år, fleire flytta inn enn ut av STN-området, og i 2012 var det for første gang ein liten auke i folketalet.

---

<sup>11</sup> <http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/urbefolkningen-i-tall-samisk-statistikk>

<sup>12</sup> Rapporten Samisk statistikk 2014 inneheld statistikk med relevans for samiske samfunnsforhold i Norge.


**Tabell 2.2 Folkemengde per 1. januar 2013, Norge nord for Saltfjellet.**

Kjelde: SSB, Samisk statistikk.

	2013	Endring i prosent	
		2012-2013	1990-2013
<b>Norge nord for Saltfjellet i alt</b>	<b>396 532</b>	<b>0,9</b>	<b>4,2</b>
<b>STN-området i alt</b>	<b>55 652</b>	<b>0,0</b>	<b>-14,6</b>
<b>Øvrige områder i alt</b>	340 880	1,0	8,1
<b>Øst-Finnmark</b>	24 730	1,0	-6,8
<b>Øst-Finnmark, STN</b>	<b>3 789</b>	<b>-0,1</b>	<b>-21,6</b>
<b>Øst-Finnmark, øvrige område</b>	20 941	1,2	-3,6
<b>Indre Finnmark</b>	12 512	-0,2	-5,7
<b>Indre Finnmark, STN</b>	<b>12 512</b>	<b>-0,2</b>	<b>-5,7</b>
<b>Vest-Finnmark</b>	37 292	1,4	8,6
<b>Vest-Finnmark, STN</b>	<b>3 843</b>	<b>-0,3</b>	<b>-34,4</b>
<b>Vest-Finnmark, øvrige område</b>	33 449	1,5	17,5
<b>Nord-Troms</b>	18 480	0,0	-9,5
<b>Nord-Troms, STN</b>	<b>18 480</b>	<b>0,0</b>	<b>-9,5</b>
<b>Nord-Troms, øvrige område</b>	0	.	.
<b>Sør-/Midt-Troms</b>	141 938	1,3	12,5
<b>Sør-/Midt-Troms, STN</b>	<b>14 270</b>	<b>0,2</b>	<b>-16,7</b>
<b>Sør-/Midt-Troms, øvrige område</b>	127 668	1,4	17,1
<b>Nordre Nordland</b>	161 580	0,6	1,1
<b>Nordre Nordland, STN</b>	<b>2 758</b>	<b>0,6</b>	<b>-24,0</b>
<b>Nordre Nordland, øvrige område</b>	158 822	0,6	1,7

Folketalet går ned i dei samiske busetjingsområda, men det er store ulikskapar mellom dei ulike områda. Indre Finnmark har minst tilbakegang, i underkant av 6 prosent. STN-området i Nord-Troms har også hatt mindre nedgang i folketalet enn dei andre områda, 14 prosent (jamfør figur 2.1).

**Figur 2.1 Folketalsnedgang 1990-2013 i STN-områda. Kjelde: SSB**





Øst-Finnmark og Sør- og Midt-Troms har hatt ein tilbakegang på 21 prosent, Nordre Nordland 23 prosent. Vest-Finnmark har den største nedgangen, med 34 prosent.

## 2.4 Næringsutvikling i nord

I åra 2003-2011 opplevde Nord-Norge vekst i sysselsettinga på 7 prosent, noko som er vesentleg lågare enn landet. Norge har hatt ein vekst på 13 prosent i samme tidsrommet. I denne perioden har det vore ein liten nedgang i arbeidsplassar innanfor dei samiske områda både i offentleg og privat sektor. Nedgangen skjedde dei fem første åra på 2000-talet, sidan har talet på arbeidsplassar vore heller stabilt. Angell m.fl. kommenterer situasjonen slik ” Så den veksten som har kommet landsdelen og landet til gode, har ikke nådd de samiske områdene.” (2014: 31). Det er likevel heller store forskjellar *mellom* dei samiske kommunane, sjølv om den langsiktige utviklinga i talet på arbeidsplassar i området er heller svak. Sjølv med vekst jamt over ser me like fullt ein endra næringsstruktur, med nedgang i primærnæringsane, med unntak av havbruksnæringsane som har opplevd vekst. Både i Nord-Norge og i dei samiske kommunane er ein stor del av befolkninga sysselsett i offentleg sektor.


Arbeidsplassutviklinga er ein viktig indikator for regional utvikling, og er kanskje den mest sentrale forklaringsfaktoren for flyttemønstra. Arbeidsplassar finst i både offentleg og privat sektor, men i følgje Vareide og Nygaard (2013) er det er ofte sterkast interesse for arbeidsplassane i privat sektor, og desse blir gjerne forsøkt påverka gjennom næringsutvikling.

Sysselsettingsutviklinga varierer mykje i i landsdelen. Vest-Finnmark, Aust-Finnmark, Lofoten, Tromsø, Indre-Helgeland og Bodø har hatt størst vekst (8-12 prosent) etter 2003. Ofoten, Salten elles og Ytre Helgeland har hatt noko vekst (5 prosent), medan Indre-Finnmark, Nord-Troms, Midt-Troms, Sør-Troms og Vesterålen så vidt har hatt vekst (2-3 prosent). Det er særleg aktiviteten rundt petroleumsnæringsane i Hammerfest og ny start av gruvedrift i Sør-Varanger som har medverka til den sterke veksten i deler av Finnmark. Fiskeri og reiseliv er viktig for Lofoten. Industri er viktig på Indre Helgeland mens veksten i Tromsø og Bodø omfattar mange og ulike næringsar (Angell m. fl 2013).

Den største sysselsettingsveksten har vore innanfor helse- og sosialtenester, bygg og anlegg, varehandel, fagleg, vitskapeleg og teknisk tenesteyting og undervisning, målt i absolutte tal. Marine næringsar som fiske, fiskeindustri, oppdrett og nye arter, er framleis sektoren som relativt sett er sterkast representert i Nord-Norge, samanlikna med landsgjennomsnittet, sjølv om sysselsetjinga i desse næringsane er redusert med 11 prosent frå 2003. Mineralutvinning er også sterkt representert i landsdelen. Offentleg administrasjon, forsvar m.v, undervisning og helse- og sosialtenester er større i Nord-Norge enn landet elles (Angell m. fl 2014).

65 prosent av befolkninga i STN-området i alderen 15-74 år var sysselsett per 4. kvartal 2012 (SSB). Talet er noko lågare enn for resten av området nord for Saltfjellet. I heile landet var 69 prosent av befolkninga i denne aldersgruppa sysselsett. I STN-området er delen menn i næringane jordbruk, skogbruk og fiske vesentleg høgare enn i dei andre områda i og i landet som heilskap. Elles er det heller mange menn i STN-området som arbeider innafør varehandel, hotell- og restaurantverksemd og bygge- og anleggsverksemd, medan helse- og sosialtenester er den viktigaste næringa for kvinnene, ikkje ulikt mønsteret i landet elles.

**Figur 2.2 Bedrifter, STN-området i alt, etter næring. 2013**



Figur 2.3 viser at det at den dominerande sysselsetjingsgruppa i STN-området er *helse- og sosialtenester*. For det meste er dette offentlege arbeidsplasser. To andre offentlege grupper er også store; *offentleg administrasjon, forsvar m. m* og *undervisning*.

## 2.4.1 Attraktivitet, identitet og utvikling

Sametinget har gjennom fleire år fått utført analysar av næringsutvikling, innovasjon og attraktivitet i samiske område (Vareide og Nyborg Storm 2010, 2011, 2012, Vareide og Nygaard 2013). Rapportane presenterer *attraktivitetspyramidar* og *-barometer*, der *attraktivitetsbarometeret* tek utgangspunkt i samanhengen mellom nettoflytting og arbeidsplassvekst). Ideen bak pyramiden er at ”steder utvikler seg i henhold til deres attraktivitet langs tre dimensjoner; Besøk, bosetting og bedrifter” (Vareide og Nyborg Storm 2010:34). Regionane i Nord-Norge kjem langt nede på dette barometeret, og konklusjonen blir at ”Utflyttingen er dermed langt større enn arbeidsplassutviklingen skulle tilsa, og regionene framtrer dermed som lite attraktive som bosted” (op. Cit side 29). Lengst nede på den nordnorske versjonen av dette barometeret finn me regionane innanfor STN-området. Av

kommunane er det Sørreisa, Lavangen, Lyngen og Nesseby som har vore ”over middels attraktive de ni siste årene”,<sup>13</sup> medan Guovdageaidnu-Kautokeino og Gamvik var minst attraktive i perioden.

Telemarksforsking sitt attraktivitetsomgrep er først og fremst knytt til flytting og arbeidsplassvekst, og ser på attraktivitetsutviklinga på kort sikt, med endring år for år. I Sametinget si eiga utgreiing om næringsutvikling (Sametinget 2013)<sup>14</sup> blir attraktivitet tatt opp i diskusjonen om målsetjinga med å styrka og oppretthalda busetjinga i samiske område . Sametinget påpeikar at det ”finnes imidlertid ingen undersøkelser som viser hvilken betydning samisk kultur kan ha for bosetting i samiske områder.” Samisk kultur blir då heller ikkje tatt med i Telemarksforsking sin studie.

Sametinget tek opp attraktivitetsomgrepet i vid betydning, og skriv at *”Bostedsattraktivitet henger ofte sammen med naturgitte faktorer som klima, kyst, fri natur og nærhet til større bykjerner, men det kan være variasjoner innad i de ulike fylkene. Nærhet til flyplasser og gode kommunikasjoner kan også ha stor betydning for enkelte ved valg av bosted. Bruken av naturen og de ressursene som er i området kan ha en stor betydning for de som ikke har valgt å flytte. Betydningen av den samiske identitet, språk og tilhørighet til området og til den samiske kulturen og samiske næringer er momenter som kan forklare hvorfor folk fortsatt vil bo i de tradisjonelle samiske områdene.”*

Sametinget påpeikar at å leggja til rette for attraktive lokalsamfunn og bustader i stor grad er ansvar for kommunale og fylkeskommunale styresmakter. I det biletet blir gode skular, barnehagar, aktivitetstilbod, eldreomsorg, infrastruktur og vidare viktig.

## 2.4.2 Næringsutvikling i STN-området

Medan Nord-Norge har hatt sysselsetningsvekst etter 2005, blei veksten i STN-kommunane som i andre distriktskommunar i nord avgrensa til perioden 2005-07. Etter det har det vore tilnærma stabil sysselsetting. Vareide og Nygaard (2013) oppsummerer med at arbeidsplassutviklinga i det samiske området ikkje har skapt noko vekst, i motsetning til resten av landet ”sammenliknet med resten av landet, har altså arbeidsplassutviklingen i det samiske området vært mye svakere”. Næringsstrukturen har likevel endra seg ved nedgang i primærnæringane, med unntak av havbruksnæringa som har hatt vekst. Vidare har det vore litt vekst i mineralutvinning, industri, fornybar energi og bygg og anlegg, og i media, kulturnæringar og forretningsmessig tenesteyting. Størst endring målt i tal har det likevel vore i offentleg sektor, der offentleg administrasjon og undervisning har hatt klar nedgang, medan vekst i helse- og sosialtenester i stor grad har kompensert for nedgangen i offentleg sektor elles.

STN-kommunene har likevel i stor grad ein typisk distriktsnæringsstruktur, der Primærnæringane enno er viktige. Det gjeld landbruk, og særleg reindrift som er ei spesifikk samisk næring. Og det gjeld fiskerinæringa, der både fangstleddet, fiskeindustrien og den veksande havbruksnæringa er viktige i kyst- og fjordområda i STN-kommunane.

---


<sup>13</sup> Fram til 2010

<sup>14</sup> Sametingsmelding om næringsutvikling 2013: Attraktivitetsanalyse og samisk næringsliv og kultur

Mineralutvinning er framleis ei lita næring, og industri utanom primærnæringsindustri (meieri, slakteri og fiskeforedling) er underrepresentert i STN-kommunane. Tenestenæringsane er også stort sett underrepresentert, med unntak av transport og reiselivsnæringa. STN-kommunane har derimot relativt større offentleg sektor, og det gjeld både offentleg administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester. Noko av dette er på grunn av spesifikke samiske institusjonar innafor offentleg administrasjon, undervisning og helsetenester.

Om me ser på sysselsettingsutviklinga dei siste ti åra, er det fjordkommunane i Aust-Finnmark og dei to innlandskommunane Guovdageaidnu-Kautokeino og Kárásjohka-Karasjok som har hatt vekst. I resten av STN-regionane har det ikkje vore vesentlig vekst i sysselsettinga. Det gjeld fjordkommunar i Vest-Finnmark, kommunar i Nord-Troms og dei lulesamiske kommunane Divtasvuodna-Tysfjord og Hábmer-Hamarøy, medan dei markasamiske kommunane i Sør-Troms og Ofoten har hatt klar sysselsettingsnedgang

**Figur 2.3 Sysselsette i samiske kommunar 2012 (4. kvartal), dei største sysselsetjingsgruppene.** Kjelde: Angell mfl 2014:31 og SSB.



Næringsstrukturen i STN-området har endra seg ved nedgang i primærnæringsane, med unntak av havbruksnæringa som har hatt vekst. Vidare har det vore litt vekst i mineralutvinning, industri, fornybar energi og bygg og anlegg, og i media, kulturnæringar og forretningsmessig tenesteyting. Størst endringar målt i tal har det likevel vore i offentleg sektor, der offentleg administrasjon og undervisning har hatt klar nedgang, medan vekst i helse- og sosialtenester i stor grad har kompensert for nedgangen i annan offentleg sektor. Offentleg sektor er svært viktig for arbeidsplassar og sysselsetjing innanfor dei samiske områda, og sysselset nær halvparten av arbeidsstokken heile området sett under eitt. STN - kommunane har likevel i stor grad ein typisk distriktnæringsstruktur, der primærnæringsane framleis er viktige. Det gjeld landbruket, men særleg for reindrifta som ei spesifikk samisk næring. Og det gjeld fiskerinæringa, der både fangstleddet,

fiskeindustrien og den veksende havbruksnæringa er viktige i kyst- og fjordområde i STN-kommunane. Mineralutvinning er framleis ei lita næring, og industri utenom primærnæringsindustri (meieri, slakteri og fiskeforedling) er underrepresentert i STN-kommunane.

Dei viktigaste *private næringane* i dei samiske områda er varehandel (9 prosent), marine næringar (fiskeri, oppdrett og fiskeindustri) (7 prosent), landbruk, reindrift med tilhøyrande industri (slakteri og meieri) (6 prosent), bygg- og anlegg (6 prosent). Reiseliv sysselset 5 prosent. Media- og kulturnæringar står for 3 prosent, og der utgjer NRK Sápmi ein stor del.

Tenestenæringane er også stort sett underrepresentert i forhold til snittet i landet elles, med unntak av transport og reiselivsnæringa. Derimot har STN - kommunane ein heller større del av offentleg sektor, og det gjeld både offentleg administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester. Dei tre høgaste søylene til høgre i figur 4 ovanfor viser dette. Samla utgjer offentleg sektor i dei samiske områda i underkant av halvparten av sysselsette. Ein del av årsak til dette skuldast særskilde samiske institusjonar innanfor offentleg administrasjon, undervisning og helsetenester. Særleg er desse viktige i indre Finnmark, og i dei to kommunane Kárásjohka - Karasjok og Guovdageaidnu - Kautokeino utgjer dei høvesvis om laga 30 prosent og 20 prosent av sysselsettinga, det vil seia ein vesentleg del av arbeidslivet.

*Den største sysselsetjingsgruppa* er helse- og sosialsektoren. I 4. kvartal 2012 arbeidde 4595 av i alt 18505 – eller kvar fjerde sysselsett - i det samiske området arbeider innanfor denne sektoren (25 prosent). Offentleg administrasjon, forsvar, politi mv sysselset 12 prosent og undervisning 10 prosent. I dei samiske områda utgjer desse tre kategoriane *offentleg sektor*, det er minimalt med private innslag innanfor desse oppgåvene. Ansvaret for dei er likevel delt mellom stat og kommune. Mange av dei samiske nasjonale institusjonane er óg med i denne gruppa, slik som Sametinget, Samisk Høgskole, NRK Sápmi og fleire (Angell m fl 2014). Om me ser på dei enkelte områda innanfor STN-området for seg, finn me at offentleg sektor sysselset opp mot halvparten av arbeidsstyrken i området.

## **2.5 Endring og utviklingstrekk 2003-2012**

Innanfor arbeidslivet i dei samiske områda har endringane i tiårsperioden 2003-2012 ført til at offentleg sektor har vokse meir enn privat sektor. I underkant av halvparten av dei sysselsette innanfor STN-området er sysselsette i offentlege arbeidsplassar, der helse- og sosialtenester utgjer ein stor del. Denne gruppa har då også vokse i perioden. Dei private næringane har utvikla seg til dels svært ulikt, med stor nedgang for nokre og stor vekst for andre. Tala på sysselsette innanfor dei ulike næringane kan vera små, så det er grunn for å sjå prosentvis auke i forhold til utgangspunktet og kor mange sysselsette i tal det er snakk om når me ser på vekst og nedgang innanfor ei enkelt næringsgruppe. Privat sektor består i hovudsak av

primærnæringar – fiskeri, reindrift, jordbruk og av varehandel, bygg- og anlegg og transport retta mot lokalkmarknaden.


Næringsgruppa som har vokse med flest sysselsette i perioden 2003-2012 er helse- og sosialtenester. Denne gruppa er i det vesentlege offentleg tilsette, og gruppa har auka med 352 sysselsette. I prosent utgjer denne veksten 8 prosent, og fleire av dei andre gruppene har i prosent vokse langt meir. Ikkje minst gjeld dette ein av dei private næringane, mekanisk industri, som har vokse med 93 prosent og media- og kultur næringane som har vokse med 30 prosent. Media- og kultur næringane omfattar både sysselsette innanfor private bedrifter og innanfor offentlege organisasjonar. I tal utgjer dette 132 sysselsette for mekanisk industri og 111 sysselsette for media- og kultur næringane.

Offentleg administrasjon, forsvar mm er sterkt representert STN- kommunane. Her har det vore ei klar nedbygging det siste tiåret, dels er dette knytt til nedbygging av kommunal sektor på grunn av redusert folketal. Den generelle nedbygginga av statleg forvaltning inkludert nedbygging av forsvaret verkar sterkare enn det som har vore av oppbygging av offentleg forvaltning, og då først og fremst av samisk forvaltning. Størst reduksjon har det vore i offentleg administrasjon, forsvar, politi mm (-243 sysselsette eller 10 prosent) og undervisning (-215 sysselsette eller 11 prosent).

Innanfor privat sektor er veksten mindre, og her er det i første rekkje bygg og anlegg som står for prosentvis høgast vekst, og særleg innanfor det lulesamiske området, men også Karasjok/Kautokeino og det markasamiske området har hatt vekst innan bygg og anlegg. Også primærnæringane har opplevd nedgang i perioden, både landbruk og fiske har opplevd minkande sysselsetjing. For *fiske, industri og oppdrett* er nedgangen på 13 prosent (-180 sysselsette ) og for *landbruk og reindrift* er nedgangen på 9 prosent (-105 sysselsett). Nedgangen er ulik i ulike delar av STN-området. Innan primærnæringane har veksten komme i landbruk/reindrift, og berre for Kautokeino/Karasjok, og innan fiskeri berre i kommunane i Øst-Finnmark. Nord-Troms og markasamisk og lulesamisk hadde omlag like stor prosentvis nedgang innan landbruk/reindrift som Karasjok/Kautokeino hadde vekst.

I figur 5 er endringar i perioden 2003-2012 innanfor eit utval av næringsgruppene presenterte. Det er særleg helse- og sosialtenester som veks, og det i alle områda. Særleg er veksten høg i Karasjok/Kautokeino, Nord-Troms og det lulesamiske området. Dei to andre offentleg næringsgruppene her – offentleg administrasjon, politi, forsvar og andre, og undervisning, har ei anna utvikling. Øst-Finnmark og det lulesamiske området har vekst innan offentleg administrasjon, medan Karasjok/Kautokeino og Nord-Troms har vekst innan undervisning.

**Figur 2.4 Endringar innanfor eit utval næringsgrupper i STN-områda 2003.2012. Prosent. Kjelde: Angell mfl (2014)**



Mineralnæringa er ei næring med store endringar i det aktuelle tidsrommet, til dømes vaks næringa med 800 prosent i Nord-Troms, 125 prosent i Kautokeino og Karasjok og med 82 prosent i det lulesamiske området. Det er likevel ei næring som samla sysselsette få i perioden 2003-2012, og dei fleste av desse var i dei lulesamiske kommunane.

Næringar som varehandel, og bygg og anlegg har hatt nedgang i dei fleste STN-områda i perioden, desse næringane høyrer til gruppa Telemarksforsking kallar *regionale næringar* (bygg og anlegg, engroshandel, transport og forretningsmessig tenesteyting). Dei regionale næringane har ein tendens til å konsentrera seg i regionale sentra, og utviklinga i næringane blir påverka av veksten i næringslivet elles og av offentleg verksemd, i tillegg til befolkningsutviklinga. Dei regionale næringane i det samiske området har hatt ei svak utvikling, også bransje for bransje, samanlikna med resten av landet (Vareide og Nygaard 2013).

Det same gjeld for det Telemarksforsking (Vareide og Nyborg Storm (2010, 2011 og 2012 og Vareide og Nygaard 2014) kallar *basisnæringane*. Dette er industri, primærnæringar og teknologiske tenester. Basisnæringane har hatt svak vekst i det samiske området dei siste ti åra og forklaringa er i følgje Telemarksforsking bransjestrukturen i basisnæringane : ” I det samiske området har basisnæringene sitt tyngdepunkt i bransjer med nedgang eller stagnasjon i Norge. Det er få arbeidsplasser i vekstbransjer som teknologiske tenester eller olje- og gassutvinning med underleveranser. Når vi korrigerer for bransjestrukturen, har utviklingen i basisnæringene egentlig vært bedre enn forventet ” (Vareide og Nygaard 2013).

Primærnæringane er framleis viktige næringar i samiske område. Det gjeld både marine næringar med 1469 sysselsette, og landbruk og reindrift med 1120 sysselsette., sjølv om begge næringsgruppene er reduserte det siste tiåret. Landbruk/reindrift står langt sterkare i samiske område enn i resten av landet og landsdelen, og er også relativt sett større, sjølv med sjølv med nedgang på rundt 10 prosent for begge gruppene i tidsrommet 2003-2012. Marin sektor har hatt om lag samme reduksjon her som i landsdelen og på landsplan. Mineralnæringa har vokse siste tiåret. Denne er knytt til enkeltbedrifter lokaliserte til enkelte kommunar i området.

*Besøksnæringane* (Vareide og Nygaard 2013) som omfattar butikkhandel, overnatting, servering og aktivitetsnæringar, har også hatt ei svak utvikling. Besøksnæringane består av bedrifter der kundane må vera personleg til stades. Utviklinga av besøksnæringane blir sterkt prega av befolkningsutviklinga. Eigen befolkning er i de fleste tilfelle den største kundegruppa for besøksnæringane. Sidan befolkningsutviklinga i det samiske området er svak, vil dette også påverka besøksnæringane negativt. Men korrigert for befolkningsutviklinga, har utviklinga i besøksnæringane utvikla seg betre enn forventa (Vareide og Nygaard 2013). Ivar Lie (2012) har gjort ein eigen analyse av sysselsetjingsutvikling og bedriftsstruktur innanfor kulturnæringane i samiske strøk, eller det som blir kalla *aktivitetsnæringar* av Telemarksforskning. Han finn at kulturnæringane stod for 4,5% av sysselsetjinga innanfor området.<sup>15</sup> Det er litt høgare enn Nord-Norge elles, men lågare enn på landsbasis. Fleire kvinner enn menn er sysselsette innanfor kulturnæringane, bedriftsstrukturen innanfor næringa er i stor grad basert på småskalaverksemd. Unnataket er kulturnæringane som er dominerte av offentlege eller offentlege eigde institusjonar. Kárásjohka-Karasjok er kommunen er kulturnæringane utgjør høgaste del av sysselsetjinga, med 17 prosent kultursysselsette (Lie 2012).

## 2.5.1 Endringar innanfor dei ulike delene av STN-området


Dei seks ulike STN-områda er delt inn hovudsakleg etter geografi. Det er tre område i Finnmark; Aust-Finnmark, indre Finnmark og Vest-Finnmark, eit i Nord-Troms og eit i nordre Nordland. I folketal er det minste området – det lulesamiske i Nordland – langt mindre enn det største området, det som blir kalla *Fjord Vest-Finnmark*. Næringsmessig er områda prega av geografien, av om det er snakk om fjord- og kystkommunar eller av innlandskommunar. Inndelinga tek omsyn til dette, og den følgjer også administrative grenser som kommune-/fylkesgrenser. Men områda er også prega av avstand til større sentra, om kommunane ligg innafor rimeleg pendlingsavstand til ein større arbeidsmarknad. Befolkningsutviklinga i seg sjølv er heller ikkje utgangspunkt for inndeling i seks ulike grupper. Inndelinga tek ikkje omsyn til dette, sjølv om både avstand og befolkningsutvikling blir tatt opp i rapportane som omhandlar utvikling innanfor STN-området.

---

<sup>15</sup> 24 kommunar, det same som hos Telemarksforskning.



**Figur 2.5 Figur endring i sysselsetjing 2003-2012 i STN-områda. Prosent.**  
Kjelde:SSB



Sysselsetjingsveksten innanfor STN-området var lågare enn i landet på 2000-talet, og også lågare enn Nord-Norge elles. STN-området er utkantskommunar og det er heller små kommunar med få innbyggjarar

I det følgjande ser me på kva som karakteriserer utviklinga både med omsyn til sysselsetjing og befolkning i desse seks områda på 2000-talet.

### ***2.5.1.1 Dei to områda med størst vekst***

Dei to STN-områda med høgast sysselsettingsvekst ligg begge i Finnmark, i aust og i indre Finnmark. I STN-området **Fjord Øst** er det *fiskerinæringa* som står for den største veksten, med ei auke på 32 prosent i perioden. Fiskerinæringa står for 15 prosent av sysselsetjinga i dette området, og er slik ei stor næring. *Varehandel* hadde også ei lita auke, medan landbruk/reindrift hadde ein nedgang på 3 prosent. Også offentleg sektor auka stort i sysselsetjing i området i den aktuelle perioden, men det gjaldt ikkje den største sysselsetjingsgruppa i området – *helse- og sosialtenester*, som berre auka med 1 prosent. Derimot auka offentleg administrasjon, forsvar, politi mv med 29 prosent, medan *undervisning* gjekk ned med 30 prosent.

I **Karasjok/Kautokeino** har 2761 sysselsette i 2012, det er ein auke på 5 prosent sidan 2003. I dette området voks privat sektor mest, *landbruk/reindrift* auka med 35 prosent i perioden, det er ei motsett utvikling enn kva som elles er i landet, landsdelen og andre samanliknbare distriktskommunar. Det er reindriften som står for sysselsetjingsauken. Landbruk, reindrift inkludert industri er den klart største private næringa, med 16 prosent av sysselsetjinga. Også helse- og sosialtenester auka, med 27 prosent. I Karasjok/Kautokeino er 49,5 av dei sysselsette innanfor offentleg sektor, der *helse- og sosialtenester* utgjer største gruppa. *Undervisning* står for 14 prosent av sysselsetjinga, og auka med 8 prosent i perioden. Området har også ein stor del, 9 prosent, av sysselsette innan *media og kultur*, og hadde ei auke på 31 prosent i perioden. Grunnen til dette er først og fremst NRK Sápmi med hovudkontor i

Kárásjohka-Karasjok og lokalkontor i Guovdageaidnu-Kautokeino, men og samiske aviser og noko innslag av kultur næringer (Lie 2012). Varehandel står for 6 prosent, og er redusert med 14 prosent frå 2003-2012.

Helse- og sosialtenester er klart størst med 23 prosent av sysselsettinga og har auka med 27 prosent frå 2003. Undervisning står for 14 prosent av sysselsettinga og har hatt motsatt utvikling enn i dei andre samiske regionane fordi her er sysselsettinga auka med 8 prosent frå 2003. Det er to vidaregåande skular og Sami Allaskuvla/Samisk høgskule, i tillegg til ordinær grunnskule. Offentlig administrasjon m.v. sysselset 13 prosent, her medrekna Sametinget sin administrasjon og andre offentlege institusjonar. Offentlig administrasjon er likevel redusert med 11 prosent frå 2003-2012, noko som skuldast reduksjon i kommunal sektor og nedbygging av Forsvaret i Guovdageaidnu-Kautokeino (Angell m fl 2014).

### ***2.5.1.2 To område med mindre vekst***

Dei to andre områda med vekst; **Nord-Troms** med 3282 sysselsette og det minste av områda, **det lulesamiske området** med 1646 sysselsette viser også eit bilete der veksten både kom innan helse- og sosialtenester (19 prosent i Nord-Troms, 13 prosent i det lulesamiske området) og innan privatnæringsliv. Både i Nord-Troms og i det lulesamiske området er helse- og sosialtenester den største sysselsetjingsgruppa. I Nord-Troms utgjør helse- og sosialtenester 30 prosent av sysselsettinga, og her har hatt ei auke på 19 prosent i perioden. Det er i hovudsak kommunal helse- og sosialtenester som har vokse. I det lulesamiske området står helse- og sosialtenester for 25 prosent av sysselsettinga, og har auka med 13 prosent siste tiåret. Det er primærhelsetenesta som hovudsakleg står for auken. Offentleg administrasjon m.v og undervisning står for 9 prosent av sysselsettinga kvar i Nord-Troms. Men gruppene har hatt ulik utvikling; undervisning har auka med 6 prosent frå 2003, offentlig administrasjon mv. har gått ned med 11 prosent. I perioden har det skjedd ei oppbygging av samisk kompetanse knytt til Árran lulesamiske<sup>16</sup> senter på Drag, med lokalkontor for Sametinget, tilsette i NRK Sápmi, saman med språkundervisning og samisk barnehage.

Det lulesamiske området skil seg ut frå dei andre STN-områda ved at dei viktigaste private næringane er prosessindustri og mineralutvinning. Desse står for kvar for 9 og 5 prosent av sysselsettinga. Industribedrifta Norcem AS Sementfabrikk i Kjøpsvik har opplevd ein reduksjon på 11 prosent sidan 2003, medan mineralbedrifta Norwegian Crystallites AS på Drag har vokse. Reiseliv og varehandel er like viktig i det lulesamiske området, med 8 prosent av sysselsettinga kvar. Medan reiseliv er redusert med 26 prosent har varehandelen auka med 14 prosent frå 2003 til 2012. Bygg- og anlegg sysselset 7 prosent og har auka med 57 prosent etter 2003. Mineralutvinning utgjør 5 prosent og har auka med 82 prosent frå 2003. Fiskeri utgjør 4 prosent og er redusert med 42 prosent frå 2003.

---

<sup>16</sup> Divtasvuodna- Tysfjord kommune har vore med i forvaltningsområdet for samisk språklov sidan 2006.

Varehandel auka med 25 prosent i **Nord-Troms** i perioden. Varehandel er likevel ei lita næring i området, med i underkant av 8 prosent av dei sysselsette. Andre næringsgrupper som bygg og anlegg, fiske og landbruk hadde alle nedgang i perioden. Bygg og anlegg auka med 57 prosent i perioden i området, mineralutvinning på 82 prosent. Mineralnæringa sysselset 5 prosent og bygg og anlegg vel 8 prosent.

### ***2.5.1.3 To område med nedgang***

**Fjord Vest-Finnmark**, og framfor alt det **markasamiske** området hadde sysselsetjingsnedgang i perioden. Det er størst prosentvis nedgang innanfor det markasamiske området. Med sysselsettingstalet som utgangspunkt er **Fjord Vest-Finnmark** det største området av STN-områda. Området sysselset 4811, nærare tre gonger så mange som i det lulesamiske området. I perioden frå 2003 til 2012 gjekk sysselsettinga i området ned med 3 prosent. Utviklinga innafor dei tre store offentlege sysselsetjingsgruppene – offentlig administrasjon/politi/forsvar mv, undervisning og helse- og sosialtenester var ein del av årsaka til sysselsetjingsnedgangen. Førstnemnde næringsgruppe gjekk ned med 23 prosent, undervisning med 9, medan helse- og sosialtenester, den største sysselsetjingsgruppa i området, ikkje hadde nedgang.

Helse og sosialtenester - med 21 prosent av dei sysselsette, er største sysselsetjingsgruppa også i dette området. Sysselsetjinga her har vore stabil det siste tiåret. Offentleg administrasjon, forsvar m.m sysselset 10 prosent, reduksjonen her er 23 prosent. Det skuldast i første rekkje nedbygging av forsvaret sin aktivitet i Porsanger, og elles nedgang i kommunal verksemd, som har måtta tilpassa seg eit redusert folketal. Undervisning står for 9 prosent og har hatt ein reduksjon på 9 prosent sidan 2003 (Angell mfl 2014).

Fiskeri er største private næringa, med 14 prosent av sysselsettinga. Næringa vart redusert med 5 prosent frå 2003. Varehandel utgjer 12 prosent og er redusert med 6 prosent. Transport står for 6 prosent av sysselsettinga og har auka med 16 i perioden. Reiseliv står også for 6 prosent av sysselsettinga og har auka med 8 prosent det siste tiåret<sup>17</sup>.

Det **markasamiske** området hadde ein sysselsettingsnedgang på 10 prosent i perioden. Utviklinga innanfor dei tre store offentlege sysselsetjingsgruppene forklarar mykje av dette. Over halvparten av dei sysselsette i dette området – 51,7% - er sysselsette innanfor desse gruppene. To av dei offentlege sysselsettingsgruppene hadde stor nedgang, offentlig administrasjon mv gjekk ned med 23 prosent, undervisning med 29. Helse- og sosialtenester auka berre med 1 prosent.

---

<sup>17</sup> Nordkapp inngår i denne kommunegruppa. I følgje Angell m fl (2014) kan det vera noko underregistrering der, fordi det er betydeleg sesongarbeid og måletidspunktet for denne statistikkjelda er på hausten, etter at høgsesongen om sommaren er avslutta.

Primærnæringane fiske og landbruk gjekk ned, det same gjorde varehandel og transport. Derimot auka bygg og anlegg med 4 prosent.

**Tabell 2.3 Sysselsetjingsutvikling innan eit utval næringer i dei seks STN-områda. Prosent. Kjelde:SSB**

	Kommunar	Sysselsette	Auke i syssetj. 2003-2012. %	Sysselsetjingsutvikling	
				Privat	Offentleg
<b>Fjord Øst-Finnmark</b>	Nesseby, Tana, Gamvik, Lebesby	2813	6	Fiskeri: +32% Varehandel: + 4% Lbrk/reindrft: - 3%	Off adm mv: + 29%. Undervisning: -30 %. Helse/sosial: + 1%
<b>Karasjok/Kautokeino</b>	Karasjok, Kautokeino	2761	5	Lbrk/reindrft: + 35%	Undervisning: +8% i Helse/sosial: + 27% Media/kultur: +10%
<b>Fjord Vest-Finnmark</b>	Porsanger, Nordkapp, Måsøy, Kvalsund, Loppa	4811	-3	Fiske mv:+ 5% Varehandel : - 14%	Off. adm, mv: - 23% Undervisning: -9%
<b>Nord-Troms</b>	Kvænangen Kåfjord, Storfjord, Lyngen	3282	2	Bygg/anlegg: +25% Varehandel: - 8% Fiske mv: -42% Lndb/reindrft: - 23%	Off adm: - 11% 9 Undervisning: + 6 Helse/so: + 19%
<b>Marka-samisk</b>	Sørreisa, Lavangen, Gratangen, Skånland, Evenes	3292	-10	Lndb/reindrft: - 33% Fiske: - 4 Bygg og anlegg: + 4% Varehandel: -14% Transport: -21%	Off adm mv: -23% Undervisning: - 29% Helse/sosial: +1%
<b>Lulesamisk</b>	Tysfjord, Hamarøy	1646	2	Prosessindustri: - 11% Bygg/anlegg: +57% Reiseliv: -26% Mineralutv+82%	Off adm mv: +28% Undervisning: - 8% Helse/sos:+13%

## 2.6 Kjenneteikn ved utviklinga i dei ulike delene av STN-området

Sysselsettingsveksten innanfor STN-områda er mindre enn landsdelen og landet elles i den siste tiårsperioden, og den varierer innafor området. Fire av seks regionar eller delområde kan visa til sysselsettingsvekst, dei andre to til nedgang. Nedgangen fordeler seg innanfor fleire ulike næringar, og det er ikkje same næringane som veks eller går ned i dei ulike områda.

Befolkningsutviklinga i tiårsperioden er derimot meir lik i alle delene av området; alle har opplevd nedgang i folketalet. Men også her er det forskjellar, ikkje alle har opplevd like stor nedgang. Tabell 4 syner endringane innan sysselsetting og befolkning samstundes, der me skil mellom område som har opplevd sysselsettingsvekst i perioden og enten ein befolkningsnedgang på mindre ("låg" befolkningsnedgang), eller meir enn 10 prosent ("høg" befolkningsnedgang) og på område med sysselsettingsnedgang og samstundes låg eller høg befolkningsnedgang.

**Tabell 5.4 Delområde i STN-området etter endring i sysselsetting 2002-2012 og folketal 2000-2013<sup>18</sup>. Kjelde: SSB, Samisk statistikk 2014.**

FOLKETALSENDRING	ENDRING I SYSSELSETTING		
		Vekst	Nedgang
-9,9<	Nord Troms	Markasamisk område	
	Indre Finnmark Fjord/kyst Øst-Finnmark		
-10>	Lulesamisk område	Fjord/kyst Vest-Finnmark	

### Sysselsettingsnedgang og stor folketalsnedgang

**Fjord/kyst Vest-Finnmark** er einaste regionen som plasserer seg i gruppa med størst folketalsnedgang og samstundes sysselsettingsnedgang. Slik utgjer desse kommunane i Vest-Finnmark delområdet i STN-området som har mest negativ utvikling i tiårsperioden 2002-2012. Befolkningsnedgangen er på 18, prosent i perioden, og området har opplevd ein sysselsettingsnedgang på 3 prosent. To av fem sysselsette arbeider innanfor offentleg sektor, og fiskeri er største private næringa. Fiskerinæringa har opplevd nedgang i perioden, det same har "offentleg administrasjon", der særleg forsvaret sine nedskjeringar i Porsanger har medverka til den negative utviklinga.

<sup>18</sup> Det finst ikkje befolkningsstal for STN-området for åra 2001, 2002, 2003 og 2004, difor er tidsrommet 2000-2013 vald for befolkningsutviklinga.

### Sysselsettingsnedgang og låg folketalsnedgang

Også i denne gruppa er det berre eit område: **det markasamiske området**. Desse kommunane har prosentvis hatt høgare nedgang i sysselsetting (-10%) enn i folketalet (-6,5%). Det markasamiske området er det som har hatt lågast folketalsnedgang i heile STN-området i tiårsperioden. Innanfor sysselsettinga er det nedgang innanfor offentleg sektor som gjer stort utslag på sysselsettingsstatistikken. Offentleg sektor er dominerande arbeidsgjevar i området, med 51,7 prosent av dei sysselsette innanfor offentleg sektor. To av gruppene i denne sektoren – undervisning og offentleg administrasjon – gjekk ned i perioden, i tillegg gjekk primærnæringane ned med 33 prosent.

### Vekst og høg folketalsnedgang

**Det lulesamiske området** opplevde ein sysselsettingsvekst på 2 prosent i perioden, samstundes som folketalet gjekk ned med 14 prosent. Offentleg sektor står for nærare 45 prosent av sysselsettinga, men utanom helse- og sosialtenester, som hadde ein liten auke i perioden, har andre deler av offentleg sektor gått vesentleg ned. Også innanfor privat sektor var det sysselsettingsnedgang, og kvar tredje arbeidsplass innanfor primærnæringane vart borte i perioden.

### Vekst og låg folketalsnedgang

Tre av delområda i STN-området er innanfor gruppa med sysselsettingsvekst og låg folketalsnedgang. **Fjord/kyst Øst-Finnmark** har hatt størst sysselsettingsvekst, med 6 prosent i perioden. Veksten har komme i privat sektor, først og fremst innan fiskerinæringa, men også innan offentleg administrasjon. I tiårperioden har området hatt ein folketalsnedgang på i underkant av 9 prosent.

**Karasjok/Kautokeino** har opplevd ein sysselsettingsvekst på 5 prosent 2003-2012. Det er nest høgast vekst av alle regionane i STN-området. Dei to kommunane i Indre Finnmark har samtidig opplevd ein folketalsnedgang på 7,3 prosent. Sysselsettingsveksten har komme både innan privat sektor – som her er reindriftsnæringa – og innan offentleg sektor, særleg helse- og sosialtenester, men også media/kulturnæringa og undervisning.

**Nord-Troms** har opplevd lågast sysselsettingsvekst av dei tre regionane i denne gruppa, 2 prosent. Samstundes har **Nord-Troms** opplevd lågast folketalsnedgang i perioden av alle regionane innanfor STN-området; 3,5 prosent. Sysselsettingsvekst har komme innan offentleg sektor, særleg helse/sosialtenester, som utgjer 30 prosent av sysselsettinga. Innan privat sektor har det vore sysselsettingsnedgang innanfor alle næringsgruppene, og særleg innanfor primærnæringane fiskeri og landbruk.

## 2.7 utfordringar framover

Busetjingsmønsteret i Nord-Norge er generelt meir spreidd og fordelt på mindre stader enn i Sør-Norge. Dei største byane i nord er langt mindre enn storbyane elles i landet. Nord-Norge har i dag 475 000 innbyggjarar (9,4 prosent av landets folketal). Folketalsutviklinga har vore positiv frå 2007, med ein årleg vekst på 0,6 prosent, dette er halve veksttakten av landsgjennomsnittet. Hovudårsaka til denne veksten er auka innvandring. Talet på middelaldrande og eldre har auka i Nord-Norge, og befolkningspyramiden i nord er meir «topptung» enn i Sør-Norge.

Innafor STN-området er befolkninga blitt eldre dei siste 20 åra, og det er grunn til uro for eigenveksten. Aldersgruppa 20-39 år er ein kritisk faktor for tilveksten i framtida. Denne gruppa har gått tilbake, og særleg kvinneinnslaget i aldersgruppa er redusert. Det blir født færre barn, også i kommunar som tidlegare har hatt relativt høgt fødselsoverskot. I framtida er befolkningsvekst i kommunane i STN-området er avhengig av innvandring, og kommunar med liten innvandring vil oppleve befolkningsnedgang i åra framover. Dette kan gje eit anna bilete av befolkningsendring enn me har sett til no, og kommunar som har hatt heller liten befolkningsnedgang samanlikna med andre kommunar i fylket eller landsdelen kan bli dei med størst nedgang.


Fram til i dag har sysselsettingsveksten i dei samiske områda har i stor grad vore mogleg på grunn av auka innvandring til området. I perioden har det komme fleire innvandrarakar, og innvandrarakane har auka yrkesdeltakinga si. Innvandringa det her er snakk om er i stor grad arbeidsinnvandring, og særleg arbeidsinnvandrarakar frå Aust-Europa. Angell m.fl (2014) peikar også på at det har vore ei klar auke i talet på utlendingar på korttidsopphald, der størsteparten arbeider innanfor bygg og anlegg, marine næringar (særleg fiskeindustri), anna forretningsmessig tenesteyting og helse- og sosialtenester.

Offentleg sektor er største arbeidsgjevar for alle kommunane i STN-området. Mellom 40 og opp til nærare 52 prosent av dei sysselsette i området arbeider innanfor offentlig sektor. Det ser ut til å vera ein tendens til at kommunar med høgt innslag av offentlege arbeidsplassar og samiske institusjonar motverkar sterk nedgang i folketalsutviklinga i samiske område. Desse arbeidsplassane er heller ikkje så utsette for konkurranse og økonomiske konjunkturar som dei typiske eksportnæringane fiske og reiseliv er. Telemarksforsking (Vareide og Nygaard 2013) peikar på at det ofte er sterkast interesse for arbeidsplassar innan privat sektor, men med såpass høgt innslag av offentlege arbeidsplassar som der er i STN-kommunane er det grunn for at desse kommunane også arbeider for å påverka utvikling og eventuell auke av desse. Dette er kanskje spesielt viktig i åra framover i prosessen med eventuelle endringar av kommunegrenser.

Angell m. fl (2014) fann at arbeidsløysa i nord er på vei ned mot landsgjennomsnittet. Blant menn er den likevel framleis litt høgare enn elles i landet, medan arbeidsløysa og yrkesdeltakingen blant kvinnene er nær landsgjennomsnittet. Pendling er ein del arbeidslivet i Nord-Norge, og fleire pendlar ut frå nordnorske kommunar enn inn (Angell m fl 2013).

Pendlinga har auka på 2000-talet, og særleg i område med kort avstand til arbeidsmarknadsentra. Intern pendling i landsdelen har først og fremst auka i område med forholdsvis kort avstand til sentra med høg arbeidsmarknadsintegrasjon. Fleire menn enn kvinner er arbeidspendlarar, det gjeld for alle regionane i STN-området. Figuren 7 viser oversikt over utpendlinga, talet er høgast for område som ligg nær ein større arbeidsmarknad, som byane Tromsø, Hammerfest, Alta eller Vadsø. Utpendling er størst i Nord-Troms, med storparten til Tromsø. Men det er og stor pendling til Hammerfest frå Lebesby, til Alta, frå både Kvænangen og Guovdageidnu-Kautokeino, og til Vadsø frå Unjárga-Nesseby. Særleg for Nord-Troms kan arbeidspendling ut vera med og forklara sysselsettingsvekst og at folketalet ikkje har gått ned meir enn det har gjort i perioden. Analyse av kva type sysselsettingsgrupper både når det gjeld yrke, alder og kjønn som pendlar kan gje kunnskap om utvikling av arbeidslivet i STN-området og muligheter for å hindra ytterlegare folketalsnedgang i kommunane.

**Figur 2.6 Sysselsette personar i alderen 15-74 med arbeidsstad utanfor bustadskommunen. 2012, 4. kvartal. Kjelde: SSB**



STN-kommunane står framføre store utfordringar i åra framover. Kommunane vil ha trong for arbeidskraft dei ikkje kan dekkja sjølve. Dagens arbeidsstyrke i dei 22 kommunane blir eldre, unge flyttar ut, og befolkninga i yrkesaktiv alder går ned. I 2030 (Angell mfl 2014) vil kommunane ha bruk for mellom 2200 og 4100 fleire folk i arbeidsfør alder enn det dei kan skaffa sjølve.

I 1990 blei det født 650 barn i STN-området, i 2010 var talet 330. Det er ein nedgang på nærare 50 prosent. Medan samla fruktbarhetstal i dei samiske områda var 2,08 i 1990, var same talet 1,73 tjuve år etter. Fruktbarheten i STN-området var fram til og med 2002 høgare enn i landet elles, men har seinare vore lågare i seks av åtte år (SSB:Samisk statistikk).

Befolkningsframskrivingar mot 2030 tyder på at STN-kommunane er avhengige av høg innvandring for å få befolkningsvekst. Med middels innvandring, som i hovudalternativet i



SSB sine befolkningsframskrivingar, vil folketalet i STN-kommunane etter kvart gå tilbake (Angell, Gaski, Lie og Nygaard 2014). Potensialet for ”eigenvekst” i befolkninga er i liten i desse kommunane. Over lang tid har det vore større utflytting enn innflytting av unge vaksne, og dermed færre som er i aldersgruppa som føder barn. Det er ikkje einaste befolkningsmessige utfordringa for STN-kommunane i åra framover. Som Angell m.fl (op cit, s 7) skriv: ”En kanskje enda større utfordring er den aldringen som befolkningen i STN-kommunen står foran, og denne kommer uansett hvilke forutsetninger som gjøres om befolkningsutviklingen.”

Demografisk er Nord-Norge dårleg rusta dei neste 20-30 åra, om det ikkje skjer klare trendskifte. Aldrande befolkning, få unge blant desse, og berre få regionar med fødselsoverskot er eit utfordrande utgangspunkt. I åra fram mot 2030 reknar ein med eit markert gap mellom forventa behov for arbeidskraft og forventa tilgjengeleg arbeidskraft. I stor grad er det auka innvandring som har gjort sysselsetjingsvekst i Nord-Norge i desse åra mogeleg. Ikkje minst har auka arbeidsinnvandring frå Aust-Europa, herunder også arbeidsinnvandrarar på korttidsopphald, vore viktig for sysselsetjingsveksten. Men også vekst i yrkesdeltakinga blant innvandrarar har medverka til auken.

Sjølv om kommunane i STN-området så vel som mange andre distriktskommunar treng innvandring for å fylla ledige arbeidsplasser, så er likevel arbeidsinnvandring ikkje alltid like positivt for lokalsamfunnet som for arbeidsplassen. Angell mfl (2014) skriv om lokalsamfunn som kan bli samfunn er arbeidsinnvandrarane – ofte menn – er på turnusordningar eller korttidsopphald som ikkje prioriterer å delta i lokalsamfunnet, men lever i sitt arbeidsmiljø. Med slike ”reisande arbeidarar” får ikkje bygdene eller lokalsamfunna tilskot til lokalt kulturliv, eller til auka ”attraktivitet” som stad å bu.

I STN-området har det vore større auke i sysselsetjing innan offentleg enn privat sektor i perioden 2003-2012. I underkant av halvparten av dei sysselsette innanfor STN-området er sysselsette innanfor offentleg sektor. Innanfor offentleg sektor er det to ulike utviklingsløp: område eller sektorar som veks og sysselset stadig fleire, og område som minkar og gjev arbeid til færre. Helse- og sosialtenester utgjer først og fremst den store gruppa innanfor offentlege arbeidsplassar, og ei gruppe som sysselset eit aukande tal arbeidstakarar år for år. Dette gjeld for alle dei seks regionane innanfor STN-området. Medan helse- og sosialsektoren utgjer ein veksande del av offentleg sysselsetjing, så er det nedgang innanfor nokre område. Det gjeld til dømes offentleg administrasjon, forsvar, politi m.m og innan undervisning. Her har det vore ei klar nedbygging det siste tiåret, dels knytt til nedbygging av kommunal sektor på grunn av redusert folketal. Den generelle nedbygginga av statleg forvaltning inkludert nedbygging av forsvaret verkar sterkare enn det som har vore av oppbygging av offentleg forvaltning, og då først og fremst av samisk forvaltning. Likevel er det rett å seia at oppbygging av samiske institusjonar har skapt arbeidsplassar som ville ha vore vanskeleg å etablerera utan den samiske tilknytninga institusjonane har. Samisk kultur har i dei fleste tilfelle vore avgjerande for etablering av desse. Institusjonane gjer det også mulig for unge med utdanning å bu og arbeida i samiske område og bruka kompetansen sin der. Alternativet hadde vore å flytta til større stader som etterspør slik kompetanse. Ved å analysa statistikk for befolkningsutvikling og det at samiske institusjonar finst i

lokalsamfunnet ser me at det er rimeleg å anta at slike institusjonar kan vera ei forklaring på folketalsutviklinga. Men einaste forklaringa er det ikkje. Innvandring, fødselsoverskot i kommunane og ikkje minst avstand til større arbeidsmarknader eller byområde er også avgjerande når ein skal forklara utvikling i STN-området. Her kjem også diskusjonen om *attraktivitet* inn. Attraktivitet bør ikkje berre målast i tal og presenterast på ei liste – der mange av dei nordnorske kommunane og STN-kommunane kjem langt nede – men må knytast til kunnskap om utviklinga i kommunen, og til det som er viktig når folk gjer vesentlege val, som avgjera om å bli eller flytta. Og det må vera knytt til tilknytning og avstand, og til kultur og geografi – som også er med på å danna ein stad, ein bustadmarknad og ein arbeidsmarknad.

## Litteratur:

Angell , Elisabeth, Aure, Marit, Lie Ivar, Nygaard, Vigdis og Ringholm, Toril: *Attraktive lokalsamfunn og arbeidsmarkedsregioner i Nord-Norge*, Norut Alta-Áltá Rapport 2013:7

Angell, Elisabeth, Gaski, Margrete, Lie, Ivar og Nygaard, Vigdis: *Næringsutvikling i samiske samfunn. En studie av sysselsetting og verdiskaping i nord*, Norut Alta-Áltá Rapport 2014:4/*Kunnskapsinnhenting – verdiskaping i nord*, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet.

Bukve, Oddbjørn(2001): *Lokale utviklingsnettverk. Ein komparativ analyse av næringsutvikling i åtte kommunar*, UiB/HAF, Rapport nr 5/2001

Bukve, Oddbjørn og Skålnes, Sigrid (1987): *Veg utan vardar. Om næringspolitikk, organisering og økonomiforvaltning i seks prøvekommunar*. Alta/Sogndal, NIBR-rapport 1987:9, SFDH-skrifter 1987:3.

*Indicators Relevant for Indigenous People: A Resource Book*, Indigenous Peoples' International centre for Policy Research and Education TEBTEBBA Foundation, 2008

Lie, Ivar: *Kulturnæringer i samiske områder – sysselsettingutvikling og bedriftsstruktur*, Norut Alta-Áltá Rapport 2012:12

Meld. St. 10 (2010–2011)Melding til Stortinget Oppdatering av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten

Nordisk ministerråd: *Artic Social Indicators. Follow-up to the Artic Human Report*, Nordisk ministerråd 2010

Pettersen, Torunn (2012): “Samene I Norge – 40 000 I 40 år?” I *Samiske tall forteller* 5, s 18-21

Rustad, Øivind (2010): “Befolkningsutvikling I STN-området 1990-2010” I *Samiske tall forteller* 3, s 121-142.

Sámediggi/Sametinget: Sametingsmelding om næringsutvikling, Sámediggi 2012

Slaastad, Tove Irene: Samisk statistikk 2014/Sámi statistihkka 2014, Statistisk sentralbyrå, Rapportar 2014/1

Statistisk sentralbyrå (SSB): *Samisk statistikk*, 2012.

[www.ssb.no](http://www.ssb.no)

[www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/urbefolkningen-i-tall-samisk-statistikk](http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/urbefolkningen-i-tall-samisk-statistikk)

St.meld. nr. 8 (2005-2006) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten (forvaltningsplan)

St. meld. nr 13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk. Distrikts- og regionalpolitikken. Kommunal- og regionaldepartementet.

Sørli, Kjetil og Broderstad, Ann Ragnhild: Flytting til byer fra distriktsområder med samisk bosetting, Samarbeidsrapport NIBR/UiT- Senter for samisk helseforskning, 2011

Vareide, Knut og Nyborg Storm, Hanna: Næringsutvikling, innovasjon og attraktivitet. Samiske område, TF-notat nr 55/2010

Vareide, Knut og Nyborg Storm, Hanna: Næringsutvikling, innovasjon og attraktivitet. Samiske område, TF-notat 35/2011

Vareide, Knut og Nyborg Storm, Hanna: Regional analyse av det samiske området, TF-notat nr 71/2012

Vareide, Knut og Nygaard, Marit : Regional analyse. Samiske område 2012, næringsutvikling og attraktivitet. TF-notat nr. 45/2013